

## PROTOKOLL

### Styremøte i Nordhordlandspakken AS

**Stad:** Nordhordland Utviklingselskap IKS

**Tid:** Fredag 4. mars kl. 08:30 – 10:00

**Nr.:** Styremøte: 1-2016

**Til stades:**

Styre:	Pål Kårbø, Leidulf Brunborg, May Eva Sandvik, Kristian Helland
NUL:	Rune Heradstveit
Andre:	Jon Askeland, Øyvind Oddekalv, Helge Sandvik, Kristian Bauge, Svein Rosseland, Helge Hopen
Forfall:	Kristin Handeland

Saksnr.	Saker
1/16	<p><b>Innkalling/saksliste/protokoll</b>            Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. Protokoll frå møte 5-2015 vart godkjend utan merknadar.</p>
2/16	<p><b>Bompengesøknad for Nordhordlandspakken – status</b>            Styreleiar informerte kort om status sidan forrige styremøte. Statens Vegvesen ( SVV) har peika ut Svein Rosseland som prosjektleiar for Nordhordlandspakken, og han vart ynskt velkommen til styremøtet.</p> <p>Helge Sandvik informerte om status for søknaden. KS2- dokumentet er sendt til departementet. Styret sin rolle no, er først og fremst å etterspørja framdrift av KS2-prosessen i departementet. Det er vanskeleg å seia kor lang tid ein KS2-prosess i departementet vil ta, dette varierer frå prosjekt til prosjekt, men erfaring viser at det hjelper å vera på departementet og etterspørja framdrift. Målet bør fortsatt vera å få pakken gjennom Stortinget før sommaren. Vegvesenet har ved å peika ut prosjektleiar byrja å jobba administrativ med pakken.</p> <p>Rosseland orienterte litt om korleis han ser arbeidet framover etter kort tid i jobben. Han understreka at han nett er starta i jobben, og at han ikkje har full oversikt enno. 10 av 19 prosjekt har reguleringsplan, men nokre av desse planane må reviderast. Dei går no gjennom prosjekta frå toppen og ned, og ser om det er nødvendig å gjera endringar i forhold til dei manualar, handbøker og standard som gjeld i dag. Det skal som tidlegare nemnt i styremøte, opprettast eit kontaktutval i regionen, og ein må få på plass ein masterplan og prosedyrar for handtering av delprosjekta og framdrift og evt. justeringar av desse.</p> <p>Det vil bli laga ein framdriftsplan for kvart enkelt prosjekt. Ein må velja eit kontraktsregime (totalentreprenør eller einingskontrakt) for dei ulike prosjekta, og styrande dokument må på plass. Ein bør ha fokus på dei 7 første prosjekta i startfasen, og det var ein kort gjennomgang av desse prosjekta. Rosseland informerte om kva som ligg i førearbeit i prosjekta som grunnundersøkingar, grunnerverv, masseflytting m.v. Fysiske tiltak vil først byrja etter at stortingsvedtaket er vedtatt, men ein kan byrja å førebu og planlegga mest mogeleg slik at ein kan gå fortast mogeleg over i anleggsfase. Rosseland gjekk så gjennom dei 7 prosjekta og korleis han såg status på dei når det gjeld reguleringsplan m.v.</p> <p><b>Spørsmålsrunde / drøfting:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Styret understreka at det er særskilt positivt at SVV har sett prosjektleiar på saka.</li> <li>▪ SVV trekker fortløpende lærdom av andre pakker som Askøy-pakken og Kvammapakken, og prosjektleiarane har nær kontakt.</li> <li>▪ Når det gjeld Nybortunnelen, er det viktig å sjå denne i samanheng med ringveg aust – og løfta viktigeita av tunnelen / traseen i saman med denne.</li> <li>▪ Rapport frå SVV om traseaval i retning Eikåstunnelen / Vågsbotn vil koma i løpet av våren.</li> <li>▪ På neste møte i fylkestinget ( 8.-9-mars) så kjem det sak om Fylkeskommunal garanti for</li> </ul>

	<p>Nordhordlandspakken.</p> <p><b>Vedtak:</b> Styret tar oppdatert status til orientering, og vil framheva viktigheten av at pakken vert politisk handsama i Stortinget våren 2016.</p>
<b>3/16</b>	<p><b>Økonomi</b> På sist styremøte vart det avtala at det skulle gjennomførast eit eigarmøte vedr driftstilskott for 2016. Viktig at dette er følgd opp for å sikra selskapet driftsmidlar. NUI / Regionrådet vil no ta initiativ til eigarmøte med tanke på budsjett 2016.</p>
<b>4/16</b>	<p><b>Eventuelt / ymse</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Styreleiar tar initiativ til neste møte. Der vil selskapet si ordinære generalforsamling verta førebudd.</li> </ul>

Knarvik, 4. mars 2016

Pål Kårbø (sign)  
Styreleiar

Rune Heradstveit (sign)  
Referent / dagleg leiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS